

# PROTOKOLL ÅRSMØTE FOREDLRERÅDET

**Tid:** måndag 30. oktober 2023 kl 18:15

**Stad:** myldrerommet på barneskulen

**Møtte:** 10 stk (inkl. FAU representanter)

Anita Lien Einen, Gunn Marit Fossedal, Renate Njøtøy, Atinuke Lending, Egil Kleppe, Marlén Trovåg, Sissel Kråkås, Heidi Sanden, Gro Helen Frøyen og Mari Eide

FAU representanter: Anita Lien Einen, Gunn Marit Fossedal, Renate Njøtøy, Marlén Trovåg, Gro Helen Frøyen og Mari Eide

## Før årsmøtet

Av praktiske grunnar starta møtet med orientering frå Monica Thune om Ung i Solund og Randi Odeen ved Firda Billag.

## Ung i Solund

Monica Thune informerer om Ung i Solund, opning av loftskroken som samleplass. Det er ei utfordring av ungdommen ikkje møter opp på loftskroken, til tross for at dette var eit ynskje for ungdommen å ha dette som eit tilbod. Når Monica har stilt spørsmål til kvifor dei ikkje møter er tilbakemelding frå ungdommen at dei ynskjer fleire folk.

Monica stiller spørsmål til foreldrerådet - korleis få ungdommen til å samlast på loftskroken?

Monica ynskjer at vi bruker loftskroken. Det er ein flott samlingsplass for ungdommen med sofakrok, kjøleskap, mikro, biljardbord, fotballspel og brettspel. På dei dagane det ikkje er ope, kan lokalet brukast av foreldre saman med borna mot at ein skriv under ein samarbeidsavtale. Loftskroken har eigen inngang. Ungane må ha medlemskap for å bruke loftskroken. Her kan ein f.eks. søkje gjennom fritidsfondet å få støtte for medlemsavgift.

Det er gjort avtale med ungdomslaget om at dersom ungane skal kunne benytte seg av loftskroken, må ein vere medlem. Pengane til medlemsavgift vert øremerka loftskroken. Medlemsavgift er kr 100 i året for born og ungdom.

Ta kontakt med Monica Thune for eventuelle spørsmål.

## Trafikksituasjonen rundt skulen

Randi Odeen ber om at foreldre som køyrer ungane til skulen ikkje setter dei av ved innkøyringa til idrettsbygget. Det er ikkje lov å parkere ved idrettsbygget. Bruk parkeringa ved 10-kroningen. Ho oppfordrar også både born og vaksne om å bruke refleks.

## SAKSLISTE:

Nr.	Sak	Kommentar
1	<i>Godkjenning av innkalling</i>	Godkjent
2	<i>Godkjenning av sakliste</i>	Godkjent
3	<i>Val av møteiar</i>	Anita
4	<i>Val av protokollførar</i>	Mari
5	<i>Godkjenning av rekneskapen til FAU for 2022/2023</i>	Godkjent

	<p>Gjennomgått og kontrollert av Vigdis Ravnøy.</p> <p>Kasserar Gunn Marit presenterer rekneskapet. Hovudinntekt er 17. maiarrangement. Overskudd frå årets 17. mai er kr 40.000,-. Det er gitt støtte til skihelg og støtte til skuletur til 10. klasse.</p> <p>Kr 115.000 på konto til FAU.</p>	
6	<p><i>Val av revisor</i> FAU sitt framlegg: Vigdis Ravnøy, vald for 1 år.</p>	Godkjent
7	<p><i>Gjennomgang av årsmelding for 2022/2023 (vedlagt)</i> Lest opp</p>	
8	<p><i>Presentasjon av styre</i> SFO: Irene Sanden 3. klasse: Ikkje vald 4. klasse: Anita Lien Einen 5. klasse: Gro Helen Frøyen 6. klasse: Marlén Trovåg 7. klasse: Gunn Marit Fossedal 8. klasse: Mari Eide 9. klasse: Silje Alvheim Hop 10. klasse: Renate Njøtøy</p>	
9	<p><i>Gjennomgang av sosial handlingsplan</i></p> <p>Innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Planen er for omfattande. Forslag om å forenkle den endå meir. F.eks. som 5 om dagen regel eller liknande. Eller å ha fokusområde kvart år/sesong.</li> <li>- I foreldremøte bør foreldre ta mobilen i lomma, eller leverer den inn til møteleiar.</li> <li>- Ein bør ta for seg ei og ei rute på foreldremøte, sosial samling eller liknande.</li> <li>- Planen bør delast opp i bolker.</li> </ul> <p>Oppsummert er vi einig om at planen er god, men at det er for mykje tekst og for liten tekst. Den vert for omfattande å lese.</p>	
10	<p><i>Innkomne saker</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Informerer om at barnehagen inviterer til å delta på foredrag for Robuste born torsdag 4/11.</li> <li>- FAU får spørsmål om vi har planar om å halde sosialt arrangement. Her informerer FAU om at vi har planlagt å halde ein tradisjonell juletefest i grendahuset onsdag 28. desember.</li> </ul>	

	<p>- Det er eit problem at elevane går på butikken i matfri der dei kjøper usunn mat og energidrikk. Det verkar som det er eit gruppepress og at det er status å gå på butikken. Det vert stilt spørsmål til om ein skal legge inn forbod om å gå på butikken.</p>	<p>Det er einigheit om at eit forbod mot å gå på butikken vil ikkje vere ei god løysing. Det bør takast opp med dei det gjeld, elev og foreldre.</p>
--	--	--

# Årsmelding 2022-2023 FAU Solund barne- og ungdomsskule

## Styrets medlemmar:

SFO:	Irene Sanden
3. klasse:	Anita Lien Einen
4. klasse:	Gro Helen Frøyen
5. klasse:	Marlén Trovåg
6. klasse:	Gunn Marit Fossedal
7. klasse:	Mari Eide
8. klasse:	Kim Arnes
9. klasse:	Renate Njøtøy
10. klasse:	Rafal Lamert

## Styreroller:

- Leiar – Anita Lien Einen, vald for 2 år
- Nestleiar – Mari Eide
- Vara for nestleiar – Marlén Trovåg
- Sekretær – Irene Sanden
- Kasserar – Gunn Marit Fossedal

## Kommunikasjon: Messenger gruppe

### Møter:

Det har vore haldt 7 FAU møter følgende datoar: 15.11.22, 21.11.22, 05.12.22, 12.12.22, 16.01.23, 16.02.23 og 19.04.23. Årsmøte i foreldrerådet vart haldt 05.12.22.

Referat frå møta er lagt ut på FAU si facebook gruppe.

Leiar og nestleiar har i tillegg vore i møte med rektor Gunnlaug Røed ca. 1 gong i månaden.

### Økonomi:

17-mai feiringa er FAU si viktigste inntektskjelde. Det er gitt økonomisk støtte til 10. klasse og støtte til ungdomsskulen sin Vossa-tur, (jamf. rekneskap).

Saldo per 30.06.23: FAU-konto: kr 74357,80,- og 17.mai-konto: kr 51007,77,-